



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.02.2026

Vår ref.: 202603464-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Hartevatn i Otravassdraget i Bykle kommune, Agder fylke

NVE har fått ein søknad frå Otteraaens Brugseierforening om løyve til å fråvike krav om minstevassføring frå Hartevatn dam i Otra. Tiltaket er planlagt gjennomført i løpet av éin arbeidsdag innanfor eitt av dei to aktuelle tidsromma: 01.04.2026 – 14.06.2026 eller 16.09.2026 – 01.11.2026. Det blir søkt om fråvik frå manøvreringsreglementet i to periodar på inntil éin time kvar.

Kva blir det søkt om?

NVE har mottatt ein søknad frå Otteraaens Brugseierforening, datert 10. februar 2026, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Hartevatn dam i Otra. Det blir søkt om å redusere minstevassføringa frå 0,5 m³/s til 0 m³/s på to tidspunkt i inntil éin time kvar gong. Fråvika skal gjennomførast i løpet av éin arbeidsdag i tidsromma 01.04.2026 – 14.06.2026 eller 16.09.2026 – 01.11.2026. Bakgrunnen for søknaden er behov for synfaring av botntappelukene under dammen i samsvar med Damsikkerheitsforskrifta.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9848/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på avgrensa høyring til Bykle kommune, Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202603464 i emnefeltet.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Frist for å sende fråsegn er **18.03.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

BYKLE KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER
AGDER FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING
OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING - JAN KÅRE KVINLAUG